



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	16.06.2026
Tid:	kl 11.45 - 18.15

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Dag Vaagen	H	ordfører
Einar Ekroll	FRP	varaordfører
Anne-Marte S. Beitveit	H	medlem
Inge-Jonny Hide	H	medlem
Wenche Bjørkeng	H	medlem
Kristoffer Værnes	H	medlem
Clarence Magnus Lillestøl	H	medlem
Bjørn Thore Hansen	H	medlem
Camilla Auflem Vik	AP	medlem
Toril Urkedal	AP	medlem
Geir Torsvik	AP	medlem
Olav Myklebust	SP	medlem
Mathias B. Gjerde	SP	medlem
Liv Sæther Myskja	SP	medlem
Magnus Hjelle	SP	medlem
Kjartan Bleie	FRP	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Sara Fugledal Wiik	AP	Anne Lise Johansen	AP
Unny Iren Haugen	AP	Eli Rekdal	AP
Petter Gunnarstein	FRP	Anja Djupvik Halsebakk	FRP
Harald Gjerde Riise	H	Ann-Lena Vonheim	H
Sindre Slettestøl	H	Frode Bringsvor	H

Røysteføre: 21

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Renathe Rossi Aglen, kommunedirektør

Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat

Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Helge Kleppe, sivilingeniør teknisk og landbruk

Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Inga Dalen Slettestøl, økonomileiar

Ronny Prozenko, avdelingsleiar teknisk og landbruk
Oddbjørn Indregård, leiar plan og næring

Gruppemøte 15.30 - 15.40, 16.20 - 16.30,
Pause: 16.55 - 17.05

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Frode Bringsvor og Toril Urkedal
valde

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 55/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3104
PS 56/26	Godkjenning av protokoll	26/3104
PS 72/26	Grunngjevne spørsmål	26/3104
PS 57/26	Orienteringar	26/3104
PS 58/26	Referatsaker	26/3104
PS 59/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefelleskapet Møre og Romsdal	23/1670
PS 60/26	Felles økonomikontor for kommunane Herøy, Sande og Ulstein	26/3084
PS 62/26	1. tertialrapport med budsjettrevisjon 2026	25/530
PS 61/26	Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029	26/3068
PS 70/26	Fritak frå eigedomsskatt etter §§ 7a og b i eigedomskattelova	26/12
PS 63/26	Endring i ordninga med betalt matpause for tilsette i Sande kommune	25/828
PS 64/26	Sandetun omsorgssenter sluttrapport	22/882
PS 65/26	Farvannsavgift - Innføring i Sande kommune- Sluttbehandling	20/85
PS 66/26	Reguleringsplan Bringsinghaug 02- Omlegging av veg, sak 3	23/900
PS 67/26	Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp	24/941
PS 68/26	Sandsøy, Sande kommune - Søknad om typisk turiststad	26/3036
PS 69/26	Fornyng av leigeavtaler for fallrettar	24/264
PS 71/26	Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak K-48/26	26/403

Larsnes, 17.06.2026

Dag Vaagen
ordfører

PS 55/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

PS 56/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 72/26 Grunngjevne spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Grunngjeve spørsmål - namneendring på grunnskulen i Sande

Behandling:

Spørsmål frå Toril Urkedal, Ap:

I samband med komande strukturendring i skulen, lurar eg på om det er gjort, eller vil bli gjort, vurderingar av namnet på skulen. På kva nivå skal ei slik beslutning takast, og kven kan ta initiativ eller kome med innspel i høve dette?

Ved planlagt endring vil skulen romme elevar frå alle bygdelag i Sande, og for meg vil det då vere naturleg at namnet på skulen gjenspeglar den nye elevmassa.

Om det er slik at kven som helst kan kome med innspel, vil eg gjerne foreslå at det nye namnet blir Sande skule, og at namneendringa vert innført samstundes som strukturendringa.

Ordføraren svara på spørsmålet:

- at spørsmålet er relevant og kan diskuterast.
- at eg ser det som naturleg at spørsmålet følgjer prosessen med iverksetjing av ny struktur.
- Kven kan ta initiativ og gi innspel. Her har spørsmålsstillaren vist veg, med å fremje spørsmålet
- Kven bestemmer. I prinsippet har kommunestyret siste ord i ei sak om ev. namneendring etter å ha gått gjennom m.a. ungdomsråd og levekårsutval.

PS 57/26 Orienteringar

PS 58/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
20/26	Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft 29. april 2026
21/26	Protokoll frå representantskapsmøte 5. mai 2026 - Dokumentasjonsforvaltning søre Sunnmøre
22/26	Protokoll frå representantskapsmøte Vest kontroll kommunalt oppgåvefelleskap 21.05.2026
23/26	Årsmelding frå Helsefelleskapet i Møre og Romsdal for 2025

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 59/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefelleskapet Møre og Romsdal

Vedtak:

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 67/26

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

PS 60/26 Felles økonomikontor for kommunane Herøy, Sande og Ulstein

Vedtak:

Sande kommune sluttar seg til avtalen om etablering av interkommunalt samarbeid om økonomiforvaltning mellom kommunane Herøy, Sande og Ulstein. Samarbeidet skal organiserast som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20. Ulstein er vertskommune for samarbeidet. Kommunedirektør signerer avtalen.

Iverksetting av avtalen føreset at avtalen er godkjent av alle dei tre samarbeidskommunane.

Det skal leggst fram sak kommunestyret om harmoniserte regelverk og delegering av mynde hausten 2026.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 80/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommune sluttar seg til avtalen om etablering av interkommunalt samarbeid om økonomiforvaltning mellom kommunane Herøy, Sande og Ulstein. Samarbeidet skal organiserast som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20. Ulstein er vertskommune for samarbeidet. Kommunedirektør signerer avtalen.

Iverksetting av avtalen føreset at avtalen er godkjent av alle dei tre samarbeidskommunane.

Det skal leggst fram sak kommunestyret om harmoniserte regelverk og delegering av mynde hausten 2026.

PS 62/26 1. tertialrapport med budsjettrevisjon 2026

Vedtak:

1. Sande kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1. tertial 2026.
2. Sande kommunestyre godkjenner foreslått budsjettrevisjon slik det går fram av tertialrapporten.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabell "Status investeringsprosjekt" og "Status §5-5 første ledd" som ligg i rapporten.
4. Rebudsjettering mellom år 2025 og 2026 vert godkjent i samsvar med oppsett kapittel for rebudsjettering 2025 til 2026.
5. Sande kommunestyre ber kommunedirektøren arbeide med å finne tiltak som kan auke inntektene, og/eller redusere utgiftene i kommunen. Slike tiltak skal leggjast fram som eigne politiske saker for vurdering og prioritering.

Behandling:

Økonomileiar Inga Dalen Slettestøl orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 68/26

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1. tertial 2026.
2. Sande kommunestyre godkjenner foreslått budsjettrevisjon slik det går fram av tertialrapporten.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabell "Status investeringsprosjekt" og "Status §5-5 første ledd" som ligg i rapporten.
4. Rebudsjettering mellom år 2025 og 2026 vert godkjent i samsvar med oppsett kapittel for rebudsjettering 2025 til 2026.
5. Sande kommunestyre ber kommunedirektøren arbeide med å finne tiltak som kan auke inntektene, og/eller redusere utgiftene i kommunen. Slike tiltak skal leggjast fram som eigne politiske saker for vurdering og prioritering.

PS 61/26 Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029

Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029
2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030

Behandling:

Endringsframlegg, foreslått av Camilla Auflem Vik, Arbeidarpartiet

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029.
 - Estimert innsparing ubetalt matpause jf.eiga sak vert tatt ut av tiltakslista for 2027.

2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030

Formannskapet si tilråding fekk 16 røyster og vart vedteke.

Endringsframlegg sett fram av Camilla Auflem Vik, Ap fekk 5 røyster, og fall (Ap).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 69/26

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029
2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030

PS 70/26 Fritak frå eigedomsskatt etter §§ 7a og b i eigedomsskattelova

Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegget over eigedomar som får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a og b for skatteåret 2026 som vist i vedlegg B.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Oversendingsframlegg frå Sande Sp, sett fram av Liv Sæther Myskja:

Dei bygningane som står på "Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi", registrert i Sande kommune vert sett på fritaksliste etter § 7b.

Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke oversendt formannskapet.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegget over eigedomar som får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a og b for skatteåret 2026 som vist i vedlegg B.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 16.06.2026 - 83/26

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek framlegget over eigedomar som får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a og b for skatteåret 2026 som vist i vedlegg B.

PS 63/26 Endring i ordninga med betalt matpause for tilsette i Sande kommune

Vedtak:

- Matpause på dagtid: Sande kommune innfører ubetalt matpause (30 minutt) for alle tilsette som arbeider ordinær dagtid, der vilkåra for betalt pause etter AML/HTA ikkje er oppfylte (dvs. når arbeidstakar fritt kan forlate arbeidsplassen og det finst tilfredsstillande pauserom).
- Kveld/natt/helg: Det blir vidareført betalt matpause (20 min) i arbeid på kveld, natt og helg, der bemanninga er lågare og det etter praksis i regionen ikkje ligg til rette for reell fråvære frå arbeidet under pausen.
- Sikringsbestemmelsen (HTA 4.2.1): Tilsette omfatta av sikringsbestemmelsen i kontoradministrasjonen held fram med gjeldande ordning. Eventuelle framtidige endringar kan berre skje ved lokal semje om overgang mot økonomisk kompensasjon (kollektivt utkjøp). Kommunen har p.t ikkje midlar til slikt utkjøp.
- Reglement og retningslinjer: Kommunedirektøren vil i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane fastsetje reviderte retningslinjer for pause basert på drøftingane med organisasjonane og ROS analysane frå einingane.

Iverksetjing og medverknad: Ordninga blir sett i verk frå 01.08.2026 for alle tilsette på dagtid. For tilsette i turnus skal endringa innførast når det er hensiktsmessig med endring av turnus.

Evaluering: Det blir gjennomført effekt og arbeidsmiljøevaluering før 2028.

Behandling:

Anne-Lise Johansen bad om å få habiliteten sin vurdert, jf FvL § 6 e) 2.ledd då ho er tilsett i Sande kommune, og HVO.

Einar Ekroll bad om å få habiliteten sin vurdert, då han er i slekt med saksbehandlar - jf. FvL § 6 e) 2.ledd.

Camilla Auflem Vik bad om å få habiliteten sin vurdert, då ho er tilsatt i Sande kommune - jf. FvL § 6 e) 2.ledd

Eli Rekdal bad om å få habiliteten sin vurdert, jf FvL § 6 e) 2.ledd då ho er tilsett i Sande kommune, og HTV

17 røysteføre.

Anne-Lise Johansen, Ap vart erklært inhabil med 15 mot 2 røyster (Ap)

Camilla Auflem Vik, Ap vart erklært inhabil med 15 mot 2 røyster (Ap)

Eli Rekdal, Ap vart erklært inhabil med 15 mot 2 røyster (Ap)

Einar Ekroll vart samrøystes erklært habil.

Einar Ekroll tok sete att. **18 røysteføre.**

RØYSTING:

Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster, og vart vedteke. 5 røysta imot (Ap, Olav Myklebust, Magnus Hjelle, Liv Sæther Myskja, Sp)

Anne-Lise Johansen, Camilla Auflem Vik og Eli Rekdal sete att. **21 røysteføre.**

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 70/26

Formannskapet tilrår:

- Matpause på dagtid: Sande kommune innfører ubetalt matpause (30 minutt) for alle tilsette som arbeider ordinær dagtid, der vilkåra for betalt pause etter AML/HTA ikkje er oppfylte (dvs. når arbeidstakar fritt kan forlate arbeidsplassen og det finst tilfredsstillande pauserom).
- Kveld/natt/helg: Det blir vidareført betalt matpause (20 min) i arbeid på kveld, natt og helg, der bemanninga er lågare og det etter praksis i regionen ikkje ligg til rette for reell fråvære frå arbeidet under pausen.
- Sikringsbestemmelsen (HTA 4.2.1): Tilsette omfatta av sikringsbestemmelsen i kontoradministrasjonen held fram med gjeldande ordning. Eventuelle framtidige endringar kan berre skje ved lokal semje om overgang mot økonomisk kompensasjon (kollektivt utkjøp). Kommunen har p.t ikkje midlar til slikt utkjøp.
- Reglement og retningslinjer: Kommunedirektøren vil i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane fastsetje reviderte retningslinjer for pause basert på drøftingane med organisasjonane og ROS analysane frå einingane.

Iverksetjing og medverknad: Ordninga blir sett i verk frå 01.08.2026 for alle tilsette på dagtid. For tilsette i turnus skal endringa innførast når det er hensiktsmessig med endring av turnus.

Evaluering: Det blir gjennomført effekt og arbeidsmiljøevaluering før 2028.

PS 64/26 Sandetun omsorgssenter sluttrapport

Vedtak:

Kommunestyret tek sluttrapporten for Sandetun omsorgssenter til vitande.

Prosjektet vert rekneskapsmessig avslutta i tråd med investeringsreglementet

Behandling:

Leiar i byggenemnda Einar Ekroll orienterte om saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 76/26

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret tek sluttrapporten for Sandetun omsorgssenter til vitande.

Prosjektet vert rekneskapsmessig avslutta i tråd med investeringsreglementet

PS 65/26 Farvannsavgift - Innføring i Sande kommune-Sluttbehandling

Vedtak:

Sande kommunestyre vedtek å innføre farvassforskrift med verknad frå 1. juli 2026, slik den ligg føre.

Behandling:

Formannskapet si tilråding fekk 12 røyster, og vart vedteken. 9 røysta i mot (H).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 75/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommunestyre vedtek å innføre farvassforskrift med verknad frå 1. juli 2026, slik den ligg føre.

PS 66/26 Reguleringsplan Bringsinghaug 02- Omlegging av veg, sak 3

Vedtak:

1. Sande kommunestyre vel å arbeide vidare med alternativ 3.
2. Det valte alternativet vert prioritert og lagt inn i økonomiplan for perioden 2027-2030

Behandling:

Anne-Marte S. Beitveit bad om å få habiliteten sin vurdert, som mogleg part i saka, FvL § 6 e)
(Som dagleg leiar i selskapet i området som også har sendt inn merknad i saka)

20 røysteføre.

Anne-Marte S. Beitveit vart samrøystes erklært inhabil.

Sivilingeniør Helge Kleppe orienterte om saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Anne-Marte S. Beitveit tok sete att. **21 røysteføre**

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 73/26

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre vel å arbeide vidare med alternativ 3.
2. Det valte alternativet vert prioritert og lagt inn i økonomiplan for perioden 2027-2030

PS 67/26 Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp

Vedtak:

Sande kommune takkar nei til vere med på eit vertsmodellsamarbeid om avløp denne gongen.

Forslaget til vertssamarbeid treff i liten grad Sande sine behov. Samstundes er kommunen inne i ei utgreiing om mogleg kommunesamanslåing med Herøy og Ulstein. Kommunedirektøren tilrår difor å vente med å gå inn i eit vertssamarbeid med å etablere felles gebyrsystem, og heller vurdere å slutte seg til samarbeidet på eit seinare tidspunkt når andre overordna prosessar er meir avklart.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 74/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommune takkar nei til vere med på eit vertsmodellsamarbeid om avløp denne gongen.

Forslaget til vertssamarbeid treff i liten grad Sande sine behov. Samstundes er kommunen inne i ei utgreiing om mogleg kommunesamanslåing med Herøy og Ulstein. Kommunedirektøren tilrår difor å vente med å gå inn i eit vertssamarbeid med å etablere felles gebyrsystem, og heller vurdere å slutte seg til samarbeidet på eit seinare tidspunkt når andre overordna prosessar er meir avklart.

PS 68/26 Sandsøy, Sande kommune - Søknad om typisk turiststad

Vedtak:

Sande kommunestyre vurderer Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagdar og helgedagsfred.

Sande kommunestyre vedtek å søke Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagdar og helgedagsfred til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.06.2026 - 77/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommunestyre vurderer Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagdar og helgedagsfred.

Sande kommunestyre vedtek å søke Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagdar og helgedagsfred til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

PS 69/26 Fornyng av leigeavtaler for fallrettar

Vedtak:

Behandling:

Ordføraren foreslo at saka vert utsett til hausten.
Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PS 71/26 Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak K-48/26

Vedtak:

Kommunestyret opprettheld vedtaket i K- sak 48/26 om framtidig organisering av oppvekstsektoren.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for lovlegkontroll og endeleg vurdering etter kommunelova kapittel 27.

Det vert ikkje fatta vedtak om utsett iverksetjing.

Behandling:

Framlegg til vedtak; foreslått av Kjartan Bleie, Framstegspartiet

Vedtaket i sak 48/26 om framtidig organisering av oppvekstsektoren den 12.05 2026 omgjerast. Kommunestyret handsamar saka på nytt.

Camilla Auflem Vik bad om å få habiliteten sin vurdert, FvL § 6 a) som einingsleiar/rektor ved ein av skulane i kommunen.

20 røysteføre.

Camilla Auflem Vik vart samrøystes erklært inhabil.

RØYSTING:

Kjartan Bleie sitt framlegg fekk 8 røyster, og fall (Geir Torsvik, Toril Urkedal, Eli Rekdal (Ap) - Mathias B. Gjerde, Magnus Hjelle, Liv Sæther Myskja (Sp), Kjartan Bleie, Einar Ekroll (Frp))

Kommunedirektøren si tilråding fekk 12 røyster, og vart vedteke (H, Olav Myklebust (Sp), Anne-Lise Johansen (Ap), Anja D. Halsebakk (Frp))

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret opprettheld vedtaket i K- sak 48/26 om framtidig organisering av oppvekstsektoren.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for lovlegkontroll og endeleg vurdering etter kommunelova kapittel 27.

Det vert ikkje fatta vedtak om utsett iverksetjing.

Møtet slutt kl 18.15